



Advokatfirma Høgseth DA  
Andreas Nylund  
Litleåsvegen 41  
5132 NYBORG

Referanser:  
Dykker: 119181  
Vår: 19/30 - 19/32606

Saksbehandlar:  
Tone Margrethe Berland Furustøl  
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:  
07.11.2019

## Melding om vedtak fatta i Plan- og miljøutvalet - gbnr 148/7 Litleskare

Vi viser til klage på avslag på søknad om dispensasjon for oppretting av ny grunneigedom - gbnr 148/7  
Litleskare.

Saka vart handsama av plan- og miljøutvalet i møte den 30.10.2019, der følgjande vedtak vart fatta:

### PM - vedtak:

Lindås kommune sitt vedtak om avslag på søknad om dispensasjon for oppretting av ny grunneigedom datert 10.06.2019 vert ikkje oppretthalde. Klagen vert tatt til følgje.

Dispensasjonen vert gitt på vilkår av at arealet til frådelt tomt vert justert slik at overflatedyrka mark ikkje vert berørt.

Garden er liten, og det er ikkje bruk for hus nummer to på garden. Bruket er også så lite at det ikkje er økonomi i gardsdrifta til vedlikeald av all bygningsmassen. Det vil vere ei føremon for bruket at ein reduserer til eit bustadhús på garden.

I Lindås kommune sin samfunnsdel står det at ein skal oppretthalda busetnad i distriktet. Ei frådeling av denne eigedommen vil stetta samfunnsdelen sin strategi 32.

Vegen til eigedommen er i bruk, med tinglyste vegrettar til bustadhús og hytte på nedsida av eigedommen. Det vil ikkje verta auka trafikk forbi driftsbygninga på garden.

Eigedommen er i utkanten av bruket, og grensar til nabobruk. Frådelinga vil ikkje føre til oppstykking av landbrukseigedommen.

Forholdet til føresegna 5.12 i kommuneplanen, der det er sett krav til 100 meter avstand frå eigedom til nærmeste driftsbygning, ikkje er relevant i denne saka då eigedommen allereie er bebygd. PMU meiner at føresegna berre er aktuell når det er snakk om nybygg.

Utvalet ser ikkje at eventuelle ulemper med støy og lukt vil ha noko å seie i denne frådelingssaka, då hus på eigedommen er etablert i eit landbruksområde, og ved eventuell framtidig omsetting av eigedommen vil dette vere openbert for kjøpar.

Utvalet ser ikkje at frådeling av det omsøkte arealet vil medføre drifts- eller miljømessige ulemper for



garden i eit langtidsperspektiv.

Ut frå ei heilsakleg vurdering ser utvalet at føremonane for frådeling er vesentleg større enn ulempene ved å ikkje gi dispensasjon.

Saksutgreiing med vedtak er vedlagt.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagat på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvæst. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland for klagevurdering i eiga oversending.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Vedlegg:

Klage på avslag på søknad om dispensasjon for frådeling av ny bustadtomt - gbnr 148/7 Litleskare  
Søknad om frådeling av kårbustad - gbnr 148/7 Litleskare.

Søknadskjema

Kart,disp og nabovarsel

Motatt tilleggsdokumentasjon - gbnr 148/7 Litleskare  
samtykke fra hjemmelshavere

Nabovarsel

søknad signert av begge hjemmelshavere

Mottatt tilleggsdokumentasjon - gbnr 148/7 Litleskare

Opplysninger gitt i nabovarsel

Uttale - Dispensasjon - Fv. 404 - Gbnr. 148/7 Litleskare

Uttale - Dispensasjon - Fv. 404 - Gbnr. 148/7 Litleskare

Uttale til søknad om oppretting av ny grunneigedom - dispensasjon - gbnr 148/7 Litleskare

Uttale - Lindås - 1487 - Litleskare - oppretting av ny grunneigedom - dispensasjon

Vidare saksgang for søknad om oppretting av ny grunneigedom - gbnr 148/7 Litleskare - klage på vedtak

Klage på avslag om dispensasjon - gbnr 148/7 Litleskare

VS Vedr

Løyve til deling etter jordlova på landbrukseigedomen gbnr 1487 Litleskare

Klageavgjerd i byggesak - gbnr 164/1 Sletten (Seim)

AcosSvarInn.xml

**Kopi til:**

Advokatfirma Høgseth DA	Littleåsvegen 41	5132	NYBORG
Jim Børge Lilleskare	Skarsvegen 657	5911	ALVERSUND

**Mottakarar:**

Advokatfirma Høgseth DA	Littleåsvegen 41	5132	NYBORG
Bjørn Ove Lilleskare	Skarsvegen 654	5911	ALVERSUND
Jim Børge Lilleskare	Skarsvegen 657	5911	ALVERSUND